



Årets nynorskbrukar 2023

Tale ved utdeling av prisen på fagseminaret «Frå barnehagebarn til nynorskelev», torsdag 8. juni 2023. Styreleiar Reidar Sandal

– Sjølv om det er viktig å oppmuntre og støtte barnet sin innsats for å lære engelsk, viser forsking at barn som blir lese før på morsmålet sitt, vil ha lettare for å lære å lese på andrespråket. Dette skriv redaktør Lydia Breiseth på nettstaden Color in Colorado, ein tospråkleg nettressurs for amerikanske lærarar og familiar med spansk som morsmål.

– Eg tenkjer det er ein demokratisk rett for born å få møte sitt eige språk i kvardagen, sa redaktør Svein Olav Langåker då Framtida junior blei lansert hausten 2017.

Om du er spansktalande i Colorado, samisk på Snåsa eller nynorskbrukar i Ål, har du det same grunnleggande behovet for å bli eksponert for ditt eige språk gjennom både tale og skrift. I ein kvardag der språket lever aktivt rundt deg, vil ein kunne utvikle ein trygg identitet grunnfesta i eige språk og kultur. Det er som barn ein tek sjumilssteg i eiga utvikling. Då treng ein at språket er godt til stades i både skule og kvardag, og at du kan lese tekstar om det du bryr deg om på ditt språk, om interessa di er dyr, sport, politikk, gaming, kropp, universet eller andre barn som gjer spennande ting.

– Me vil laga eit tilbod som er så spennande og godt at barna vil ha lyst til å bruka det i fritida, og så lærerikt, bra og nyttig at foreldra og lærarane vil ønska at ungane bruker det på skulen og heime, sa Svein Olav Langåker ved lanseringa. Seks år seinare kan vi seie at det har dei lukkast med.

Framtida Junior byggjer på ein lang nynorsk tradisjon for å setje barnet i sentrum i barneformidlinga, frå Norsk Barneblad og Rasmus Løland og fram til i dag. Samstundes har dei fornya tradisjonen og møter barna med aktuelt innhald på flatene dei allereie er på. Det har vore fleire forsøk på barneavisar på 2010- og 2020-talet, men berre to har overlevd: Aftenposten Junior og Framtida Junior. I eit medielandskap der nynorsk er lite synleg i dei nasjonale dagsavisene, har dei gjort nynorsk meir tilgjengeleg for barn både i papiravisar og digitalt.

Prisen Årets nynorskbrukar blir delt ut av styret i Nynorsk kultursentrum til ein person eller institusjon som syner evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, og at dei gjer det lettare å vere nynorskbrukar gjennom sitt føredøme.

Styret i Nynorsk kultursentrum har gjort dette vedtaket: "Framtida junior får prisen Årets nynorskbrukar for å bryte veg for meir nynorsk i digitale medieflater og skrive om varierte emne for 7 til 13-åringar."

Eg bed redaktør Svein Olav Langåker om å kome fram for å ta imot prisen.